



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Trondheim, 11.07.2017

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2016/11445

Saksbehandler:
Line Novstad Klungreseth

Avgjerd i klagesak – løyve til å bygge ny sjølvbeteningshytte på Sunndalssetra

Styret for Jostedalsbreen nasjonalpark sendte 8. desember 2016 klagesak om oppføring av ny turisthytte på Sunndalssetra til Miljødirektoratet. Klagehandsaminga blei utsatt då det skulle gjennomførast synfaring i saka 5. mai 2017.

Miljødirektoratet har etter klagehandsaming kome at styret sitt løyve om bygging av ny sjølvbeteningshytte vert omgjort. Miljødirektoratet kan ikkje sjå at det føreligg "særlege grunnar" etter forskrifta kap. IV punkt 1.3 til at ei turisthytte skal kunne byggast. I tillegg har Miljødirektoratet lagt særleg vekt på føre-var prinsippet i nml. § 9, då det ikkje føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva effekt ei eventuell auka ferdslse ei turisthytte vil kunne påverke villreinstamma i Jostedalsbreen og Breheimen nasjonalpark. Klageane vert derfor tatt til følge.

Bakgrunn for saka

Styret ga i møte 31. oktober 2016 DNT Oslo og omegn løyve til oppføring av ny turisthytte på Sunndalssetra. Styret såg positivt på at det vert etablert ein enkel overnattingsstad i Sunndalen. Styret meinte at det var ein særleg grunn til å gje løyve til ei ny turisthytte då den ville styrke ålmenta si tilgong til området. Ei turisthytte ville også fremje formålet med vernet, opplevinga av naturen som rekreasjonsområde og staden for gode opplevingar. Turisthytta skulle innehalde 12 sengeplasser med et samla areal på 93 m². I tillegg skulle det oppførast eit uthus på omlag 15 m².

Reinheimen-Breheimen villreinutval, Reinheimen-Breheimen villreinnemnd, Norges Fiskerforbund, Naturvernforbund, Sogn og Fjordane turlag, Naturvernutvalget og FNF Sogn og Fjordane klaga på styret si avgjerd.

Klageane

Norges jeger- og fiskerforbund i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og Forum for natur- og friluftsliv Sogn og Fjordane klaga på løyvet i eit felles brev av 20. november 2016. I klaga skreiv dei at DNT sitt ønskje om ei hytte på Sunndalssetra ikkje kunne vere ein særskild grunn til dispensasjon frå verneføresegna. Dei kunne heller ikkje sjå at DNT har dokumentert at det er særskilt viktig for DNT å bygge ei hytte på setra. At ei hytte vil styrke ålmenta sin tilgang til området kunne heller ikkje vere ein særskild grunn. Dei er usamde med styret i at det er ein særskild grunn at det tidligare var ei hytte som var open for ålmenta på setra som medfører at ein kan bygge ei ny hytte. Dei opplysningane som ligg føre i saka om at Leirdalen er eit viktig område for villrein må vege tungt i saka. Det visast til at villrein er ein ansvarsart med tronge kår i fjella etter mange år med innsnevringar av trekkveger. Det stilles spørsmål til om den nye

løypa som er oppmerka og ei ny hytte vil medføre auka ferdsle gjennom dalføret som foreløpig er ein fristad for reinen.

Det vert vidare stilt spørsmål til at DNT søker om å bygge ei hytte med sengeplass for 12 personer utan at ein rekner med eller jobbar for å auke ferdsla. Dei ser det som heilt opplagt at ei ny hytte vil auke presset på ein liten villreinstamme i eit fra før lite leveområde for ein nomadisk art. Styret har vurdert at omsynet til villrein ville kunne vere ein grunn til avslag, men har vurdert det som lite sannsynleg at ferdsla vil auke utan at dei har argumentert for dette. Klagarane finn med bakgrunn i dette at det ikkje er heimel i forskrifta eller i naturmangfoldlova § 48 til å gje løyve til ei ny hytte.

Reinheimen- Breheimen Villreinutval klaga på løyve i brev av 22. november 2016. I klaga viser dei til kva dei skreiv under høyringa 7. oktober 2016 og vil nok ein gong framheve at Raudalsområdet inkludert Merradalsbotn som ligg like sør for Sunndalssetra er det viktigaste området for den vesle, sårbare villreinstamma i nord- vestlege delen av Breheimen. I område nord for Raudalsområdet ligg Stryn Sommerski, Nasjonal turistveg (Fv 258), heilårsvei (Rv 15). Grotli Høgfjellshotell og fleire hyttefelt. I sør ligg DNT hyttene Sota sæter og Slæom. Desse destinasjonane omkransar nå Raudalsområdet, og DNT planlegg remerking og marknadsføring av sti(er) austover frå Sunndalssetra mot Raudalen, og Breheimen i Skjåk. Dette vil truleg auke aktiviteten og ferdsla i viktige leveområde for villrein dersom ny hytte vert bygd på Sunndalssetra. Villrein er eit viktig verneformål for Breheimen nasjonalpark og føre var prinsippet bør tilleggst vekt.

Reinheimen- Breheimen villreinnemnd klaga på løyve i brev av 24. november 2016. I klaga viser dei til at omsynet til villrein ikkje er tilstrekkeleg ivareteke i saka. Dei viser til at det er aktiviteten innover Rauddalen som er problemet, ikkje sjølve hytta. Men dei rekner med at aktiviteten vil auke med ei ny hytte, spørsmålet er kor mykje. Sjølv om det er lange dagetappar til Skridulapbu/ Slæom kan dei fort bli populære. Det er derfor viktig at det vert sett vilkår som i størst mogleg grad bidreg til å avgrense ferdsla innover i Rauddalen. Villreinnemnda nevner vilkår som:

- talet på sengeplasser på hytta
- fjerninga av merking på ruta over Kamperhamrane dersom ferdsla er aukande
- Forsikring om at flytting av Skrisulaupbu vestover ikkje er aktuelt og at det ikkje blir aktuelt med oppføring av fleire buer i Rauddalen for å gjere dagsetappane kortare
- Avgrense/ ikkje tillate turar med turleiar og guida turar over Kamperhamrane og inn i Rauddalen
- Etablere turnett i området rundt Sunndalssetra for å gjere det attraktivt å gå i dette området framfor å gå turar til Rauddalen
- Unngå marknadsføring av ruta over Kamperhamrane og inn i Rauddalen

Villreinnemnda viser til løyvet frå styret der det er lagt til grunn at DNT- hytta på Sunndalssetra skal bidra til naturopplevingar for særleg barn og ungdom med fokus på kortare turer i området med Sunndalssetra som utgangspunkt. Villreinnemnda meiner dette er i kontrast til ei uttale frå DNT på nettsidene til NRK Sogn og Fjordane der DNT sa at "Sunndalssetra er eir turmål i seg sjølv. Her ligg det til rette for å fortsetje innover Breheimen". Villreinnemnda er redd for at ruta over Kamperhamrane blir det verkelege trekkplasteret for folk som besøker Sunndalssetra. Dersom dette er tilfelle meiner Villreinnemnda at det ikkje burde bli gjeve løyve til DNT- hytta.

Førebuaende klagehandsaming

Styret handsama klagen i møte 2. desember 2016. Styret meinte at klagarane ikkje kom med ny informasjon i saka og sto derfor fast på sitt tidlegare vedtak om å gje løyve til bygging ny sjølvbeteningshytte.

Det var synfaring på Sunndalssetra 5. mai 2017 der representantar fra styret, DNT, Miljødirektoratet, grunneigarane og klagepartane deltok.

Rettsleg klageinteresse og frist for å klage på løyve

Klagarane har rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28 og klagen er kome inn til styret innan klagefristen på tre veker, jf. fvl. § 29.

Klageinstansen kan etter fvl. § 34 prøve alle sider av saka ved klagehandsaming og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan vidare sjølv fatte vedtak i saka eller oppheve løyvet og sende saka tilbake til underinstansen for heilt eller delvis ny handsaming.

Miljødirektoratet si vurdering av saka

Formålet med opprettinga av Jostedalsbreen nasjonalpark er å:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap

I forskrift av 25. oktober 1991 om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark følger det av IV punkt 1.1 at "Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende."

Etter punkt 1.3 kan forvaltningsstyresmakta, når "særlege grunnar" ligg føre, gje løyve til å bygge bygningar som nemnt under punkt 1.2. Verneforskrifta krev at vilkåret om "særlege grunnar" må vere oppfylt då det er ei målsetting i verneområdet å ivareta inngrepsfri natur. Oppføring av nye bygningar vil kunne leggje grunnlag for ei uheldig utvikling på sikt.

Spørsmålet i denne saka er då om det forelegg "særlege grunnar" til å gje løyve til å byggje ei turisthytte på Sunndalssetra. Kva som er "særlege grunnar" er ikkje utdjupa i forvaltningsplanen, men er bare meint å brukast i spesielle tilfelle. I tillegg skal løyve vurderast opp mot verneformålet, naturforholda, forarbeida og forvaltningspraksis.

I foredraget til kongelig resolusjon står det på side 5 og 6: "*grunneigare/rettshavarar som ikkje har sel, vil få løyve til å byggje eitt sel i stølsområde der dei har rettar og der det er sel frå før. Nye bygningar utanfor stølsområde vil ikkje få løyve.*" I forvaltningsplanen framgår det at det er 19 ålment tilgjengelege hytter i Jostedalsbreområdet for tilreisande og det er difor grunnlag for å vere restriktiv mot bygging av nye hytter. Videre følger det at DNT arbeider med å få til avtaler om sjølvbeteningshytte på Sunndalssetra slik dei hadde for ein del år siden, noko forvaltninga såg positivt på.

Turisthytta er tenkt oppført sørvest for stølsområdet og vil såleis vere i strid med føringane i forvaltningsplanen om at nye bygningar utanfor stølsområdet ikkje vil få løyve.

Styret viser i løyve til at det er ein særleg grunn til å gje løyve, jf. forskrifta, då ei hytte styrker ålmenta si tilgang til området. Eit av formåla med nasjonalparken er å gje høve til naturoppleving

gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging. Miljødirektoratet meiner at det er positivt at ein ønsker å legge til rette for at ålmenta har god tilgang til nasjonalparken. Frå parkeringsplassen ved Sunndal gard og inn til Sunndalssetra tar det om lag en halv til ein time å gå. Sunndalssetra er såleis tilgjengelig for dagsturar utan at ein treng overnatting. Det er og mogleg å gå vidare inn i nasjonalparken frå Sunndalssetra og gå tilbake til parkeringsplassen same dag. Ålmenta har såleis god tilgang til området utan at ein må byggje ei hytte for overnatting. Miljødirektoratet kan ikkje sjå at argumentet om å styrke ålmenta si tilgang til området er "særlege grunner" for å byggje ei ny hytte. Det at det tidligare var ein overnattingsplass for ålmenta på setra er ikkje noko som kan seiast å vere ein særleg grunn.

Miljødirektoratet støttar klagene i at det ikkje føreligg tilstrekkeleg særlege grunnar til å byggje hytta. I tillegg vil eit løyve i denne saka kunne skape uheldig presedens. Det er fleire stadar det kan vere ønskje om nye turisthytter. Forvalter nemnde ønskje om utviding og flytting av Skridulaupbu og ei ny hytte ved Illvatnet. Formålet med desse er også friluftsliv og høve for fleire å kome seg ut i naturen.

I klagene har omsynet til villreinen sine leveområde vore eit avgjerende argument for å ikkje gje løyve til bygging av ny hytte. Eit av verneformåla i nasjonalparken er å verne dyrelivet. I 2014 blei det gitt løyve til merking av den gamle ferdlesvegen mellom Skjåk og Stryn gjennom Rauddalen og Sunndalen. Løyve blei gitt på vilkår av at merkinga skulle revurderast etter 5- 10 år dersom bestanddynamikken til villrein endrar seg negativt. Villreinemnda og villreinutvalet var då positive til re- merking av stien, forutsatt at nye inngrep/ hytter ikkje kom i samband med stien. Dette då ei hytte vil føre til auka ferdsle på DNT- stien mellom Sunndal og Skridulaupbu/ Slæom. Styret har vurdert det som lite truleg at ei enkel overnattingshytte vil føre til auka ferdsle inn i villreinområdet då det vil vere svært lange dagsetapper på over 10 timar.

Dette viser at det er ulike meiningar om i kor stor grad bygging av hytte vil kunne føre til at ferdsle og aktivitet aukar mellom Raudalsvatnet og Sunndalsseter. Området i Rauddalen er viktig for villreinstammen som held til her. Området som er kalla Skjåk sør- vest er det minste og mest sårbare området i Reinheimen- Breheimen Villreinområde. Området er avgrensa med lita stamme, sparsommelege vinterbeite og med Rauddalen som "deler" området meir eller mindre i to. Området vest for Rauddalen fungerer som trekkpassasje mellom dei sørlege og nordlege delane av området og Rauddalen blir mykje brukt til beite sommar og haust. Det føreligg såleis kunnskap om villreinen sin bruk av området, jf, nml. § 8, men det er usikkert kor mykje ei ny hytte vil føre til at ferdsla aukar.

Når er ikkje er klart kva konsekvensar ei hytte vil kunne gje for leveområdet for villrein må føre- var prinsippet i nml. § 9 tilleggstor vekt. Då revurderinga av ferdsla på stien ikkje er foretatt endå, veit ein ikkje om merking av stien har negativ påverknad på villrein i området. Det vil såleis vere uheldig å oppføre ei ny turisthytte før ein veit effekten av merkinga, og ikkje veit om oppføringa av hytta vil auke ferdsla på stien. Stien går og gjennom Breheimen nasjonalpark der eit av verneformåla er å ta vare på leveområde for villreinstammen i Ottadalen. Dersom ei ny hytte aukar ferdsla på stien vil dette kunne påvirke villreintrekket inn i Breheimen negativt. Miljødirektoratet stiller og spørsmål til kor naudsynt turisthytta er all den tid turistforeninga ikkje har som mål å auke ferdsla i området.

Miljødirektoratet har etter dette kome til at det ikkje er heimel i forskrifta kap. IV punkt 1.3 til oppføring av turisthytte på Sunndalssetra. Klagene vert difor tatt til følge.

Vedtak

Miljødirektoratet opphevar Nasjonalparkstyret sitt vedtak av 31. oktober 2016, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd.

Miljødirektoratet sitt vedtak er endelig og kan ikke påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Hilsen
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Olav Nord-Varhaug
Fung. avdelingsdirektør

Line Novstad Klungreseth
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane		6863	LEIKANGER
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Rennekleiva 33	6812	FØRDE
Sogn og Fjordane Turlag			
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Breheimen nasjonalparkstyre	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER